



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/2370

19.05.2017

Hordaland fylkeskommune - melding om midlar til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2017

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 6.april i år. Den endelege summen som Kongen fordelte til kulturføremål, er 730 millionar kroner. Av desse midlane skal 267,2 millionar kroner gå til å realisera Den kulturelle skulesekken, 47 millionar kroner til kulturbygg og resten til andre kulturføremål.

Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturbygg skal tilførast kr 47 020 000 av den delen av spelemidloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2017.

Forvaltninga av den desentraliserte ordninga for kulturbygg er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetalar midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet, jamfør punkt 5 i dei vedlagde retningslinene.

Tilskotet til Hordaland fylkeskommune i 2017 er kr 3 767 960. Summen vil verta overført til Hordaland fylkeskommune, bankkontonummer 5205.06.97916, merkt "Tilskot til kulturbygg 2017", så snart som mogeleg. Det vert elles lagt til grunn at vidare fordeling av midlar skjer i samsvar med retningslinene for den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Kari Sandbugten
underdirektør

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Kunst- og
museumsavdelinga

Saksbehandlar
Kari Sandbugten
22 24 78 33

Vedlegg: retningslinjer

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar